

Invitasjon



til alle som er 4 år eller vert 4 år i 2019

Det er no omtrent 4 år sidan du vart døypt.

Difor vert du invitert til

4-årssamling i Hyllestad kyrkje onsdag **25. september** og
Haustattakkefest i Hyllestad kyrkje søndag **29. september**.

4-årssamling 25. september kl. 17.15 – til ca. 18.15

Då skal vi tenne lys i lysgloben, “døype ei dokke”, synge frå Mi kyrkjebok, gå på perlejakt, bli kjent i kyrkja og ete kveld i lag. (Er det matallergiar vi skal vite om, så ta kontakt). Du vil også få «Mi kyrkjebok 4 – Gjere sjølv». Ta med deg ein vaksen og kom!

Haustattakkefest 29. september kl. 16.00 i Hyllestad kyrkje

Då vil du få “Mi kyrkjebok 4”, og vi skal snakke om perlene vi fann på 4-årssamlinga. Vi skal synge og gå saman inn i kyrkja når gudstenesta startar. Flott viss du har med deg ei lita korg med litt frukt eller nokre grønnsaker som du kan bere med deg inn i kyrkja under inngangsprosesjonen. Etter gudstenesta er det kyrkjefrukt. Då skal vi smake på det vi har med i korgene. Møt 15.50. Søsken er også velkomne til å ta med ei korg med frukt og vere med i prosesjonen. Inviter med foreldre, besteforeldre, søsken og vener.

Håper at du kan vere med både onsdag og søndag,
men du er velkommen sjølv om berre ein av dagane høver.
Veit du om nokon som er 4 år og ikkje har fått invitasjonen? Inviter dei med.
Kan du ikkje møte, men vil ha boka, kontakt kyrkjekontoret 57788565
Helsing Kari og Audun Systad og Toril Lange (mobil 922 40 966)



STØRST AV ALT